

## Vedlegg 10 Tildeling av omsorgstenester: Omsorgstrappa

Ei generell beskriving av nivåa i ei omsorgstrapp er til dømes gitt av Nasjonalt kompetansemiljø om utviklingshemming (NAKU) (<https://naku.no/kunnskapsbanken/omsorgstrappa>). I dette kapittelet vil vi skissere kva Fjaler kommune legg vekt på i si omsorgstrapp.

Viser også til Fig. 3 i hovuddokumentet for strategien.

### TRINN 0 PRIMÆR/UNIVERSELL FØREBYGGING

Dette vil gjelde for alle innbyggjarar i Fjaler, med eller utan tenestebehov. Kommunen har, som ei av få kommunar i Sogn og fjordane, tilsett folkehelsekoordinator i 100% stilling. Denne personen skal sikre at folkehelse er med som underliggende prinsipp i alle planar og strategiar som kommunen utarbeidar («folkehelse i alt», folkehelsemeldinga). Folkehelsekoordinatoren skal kvalitetssikre og kontrollere utviklinga i «folkehelse» i kommunen og setje i verk tiltak som fremjer folkehelse. Dette vil altså vere generelle tiltak, men bør vere retta mot ulike alder- og brukargrupper.

Folkehelsearbeid inkluderer ikkje kurative tenester i form av diagnostikk, behandling, pleie og omsorg. Dett omfattar heller ikkje habilitering/rehabilitering (Helsedirektoratet: «Folkehelsearbeidet-veien til god helse for alle»)

### TRINN 1 SEKUNDÆR FØREBYGGING

Dette trinnet vil vere retta mot individuelle personar der det primære målet er å hindre sjukdom/skade. I omsorgstrappa er det nevnt konkrete tiltak vi ynskjer å fokusere på.

- Kvardagsrehabilitering: Eit tilbod til dei som har opplevd eit funksjonsfall som følge av sjukdom eller skade. Målet er at ein skal øve seg opp til å greie dei daglege gjeremåla igjen, slik at ein kan bu heime og leve eit godt og aktivt liv så lenge som mogleg. Det vil føregå slik at ein får rettleiing frå fagpersonell om kva og korleis ein kan trene seg opp igjen med eigne mål. Evaluering av framgang og justering av mål vil skje undervegs. Perioden kan vere tidsavgrensa på td. 4 veker.
- Førebyggande samtale: To fagpersonar frå kommunen reiser ut til innbyggjarane og gjennomfører samtale/motiverande intervju. Målet vil vere å kartlegge helseutfordringar (psykiske og fysiske), ressursar, aktivitetsbehov og hjelpebehov hjå den enkelte. Stikkord er demens, kvardagsrehabilitering, rett innsats på rett nivå, tidleg innsats, fallførebygging, velferdsteknologi, aktivitetar, bu heime lengre, mestre sin kvardag.
- Tryggleiksalarm: Eit lågterskeltilbod for at personar skal kunne kjenne seg trygge og kunne bu heime lengre.

- Matombringing: Høve for å få køyrt middag heim til seg ein eller fleire dagar i veka. Frivillighetsentralen koordinerer. Private, frivillege køyrer maten heim til mottakarane.
- Tilsyn
- Transportstøtte, parkeringsløyve og fylgjekort blir tildelt etter behov (Fylkeskommunale tenester som kommunen tildelar)
- Frisklivssentral: er ein helsefremjande og førebyggande kommunal helseteneste. Målgruppa er dei som auka risk for helseutfordringar, sjukdom og særleg samansette helseplager og som treng hjelp for å endre levevaner og til å meistre livet med sjukdom eller skade. Det er eit lågterskeltilbod, og ein kan henvende seg hit med eller utan tilråding frå lege.
- Fallførebygging: Kvar tredje person over 65 år fell årleg, og det endar ofte med alvorlege brotsskadar. Det er derfor viktig å førebygge fall. Det ein gjer er å kartlegge heim og aktivitet, stimulerer til jamnleg fysisk trening, sikrar bustaden så best ein kan og tilbyr ulike hjelpemiddel som kan hindre fall.
- Førebygge demens: Informasjon om kva demens er, korleis ein kan hjelpe personar og pårørande som opplever demens og korleis ein kan førebygge demens er prioritert. Dette vil vere både på nivå 0 og 1 i omsorgstrappa. Det er viktig med tidleg diagnose, og det er viktig med kunnskap om demens både hos familien til den ramma og i helseapparatet. Fysisk aktivitet og ernæring er vidare viktige faktorer i demensførebygging.
- Førebygging unge heilt ned i barnehagealder. Sjå eige kapittel om barn og unge i denne strategien

## TRINN 2 PRAKTISK BISTAND

På dette trinnet i omsorgstrappa vil hjelp i heimen bli gitt etter behov. Dette kan dreie seg om til dømes enkel matlaging, nødvendige ærend eller innkjøp, reingjering, vask av klede, tilrettelegging/hjelp til måltid.

Vidare er omsorgsløn, støttekontakt, treningskontakt, dagsenter for eldre og tilpassa arbeid konkrete døme på bistand i trinn 2.

Lågterskeltilbod for personar med psykiske utfordringar tilhøyrer dette trinnet og er eit viktig både førebyggande og «tidleg innsats»-tiltak.

## TRINN 3 PERSONLEG BISTAND

Personleg bistand betyr hjelp til eigenomsorg og personleg stell. Dette kan til dømes vere hjelp til å dusje. Heimesjukepleie vil også ligge i dette trinnet og kan utgjere td oppfølging og administrering av medisinsk behandling i samråd med lege og sårbehandling. Opplæring, miljøarbeid og trening i heimen vil vere eit anna tiltak. Med miljøarbeid meiner vi å

organisere og legge til rette for forandring og utvikling for personen, og syte for/hjelpe personen til ein meningsfull kvardag.

Andre tiltak i trinn 3 er dagsenter, vaksenopplæringa, dagopphold sjukeheim, kommunale utleigeleilegheiter og rehabiliteringstenester utanfor institusjon.

#### **TRINN 4 HEIMETENESTER OG OMSORGSBUSTADER**

I dette trinnet, som er det nest øvste i Fjaler kommune sin trapp, blir det gitt omfattande heimehjelp til brukarane. Her ligg og avlastning på sjukeheim/rullerande plass og avlastning/butrening for unge. Rehabiliteringsplass er eit opphold i ein leilegheit/hybel der ein får tilbod om omfattande rehabilitering/opptrening med mål om at ein skal flytte heim og bu lengre heime etter oppholdet.

Tilbod om omsorgsbustad med meir eller mindre bemanning er også eit av tiltaka. Bufelleskap med heildøgnsbemanning tilbyr Fjaler kommune i dag for personar med psykisk utviklingshemming (Øyra og delvis Svehogen), men ikkje for eldre. Det er ein del av strategien å utvide kapasiteten til kommunen til å ta imot og syte for god omsorg for eldre personar som treng heildøgnsbemanning. Det er prioritert å bygge totalt 16 slike nye bustader i Dale på bekostning av nye institusjonplassar.

#### **TRINN 5 INSTITUSJON OG 1:1 BEMANNING**

Dette trinnet omfattar langtidsplass på sjukeheim, palliativ pleie i heim eller på sjukeheim og 1:1 bemanning i eigen bustad. Dette trinnet er det dyraste og mest omfattande helsetilbodet kommunen har.

#### **TRINN 6 SPESIALISTHELSETENESTA**

Dette trinnet ligg egentleg utanfor det kommunale apparatet, men utgjer eit trinn i Fjaler si omsorgstrapp som er viktig fordi det har med samhandling i heile kjeda å gjere. Personar som blir lagt inn på sjukehus og treng hjelp når dei kjem til heimstaden er konkrete dømer. Dette trinnet vil også involvere ambulerande team der ein har avtalar med spesialisthelsetenesta om å tilby heimebesøk til aktuelle brukarar der kommunal teneste ikkje strekk til, td kreftrehabilitering med Røde Kors Haugland rehabiliteringssenter, palliativt team Helse-Førde.

Historisk sett har kommunen i periodar leigd plassar hos andre kommunar når det er fullt på Fjaler sjukeheim. Dette inngår ikkje i framtidsplanane til kommunen, men står likevel i trappa som eit nødalternativ.